

MÅVOTNO

Høgdemeter over havet: 460 m

Lengde: Stølen ligg ca 3km innanfor Tveito (300 m.o.h.), og vel 2 km frå parkeringsplassen på Heiane.

Tid: Ein time frå Tveito og 30-45min frå Heiane.

Gradering: Lett og godt syneleg stølsveg. Stølen tilhøyrer Tveito.

Vegskildring; Bilveg (bomveg 50 kr) frå Tveito til Heiane. Vegen går frå Heiane opp over det vesle bergelaget og inn om tre bruer ved Vetlavatnet, og ned langs Måvatnet lenger inne, eller ein følgjer traktorvegen rett fram gjennom skogen. Båe vegane går til stølen over inste enden av Måvatnet. Dette er del av den gamle tingvegen frå Ulvik og Eidfjord til Granvin. Turkassa finn du på eldhuset ved inste selet.

RUNDTUR OM MÅVOTNO, VATNASET OG LITLASTØL

Høgd: Høgste punktet over Rusta er ca 500 m.o.h.

Veglengd: Omlag 7km.

Tid: 2,5 – 3 timar.

Gradering: Avhengig av kva veg ein går, er det ein del stigning opp Almenningsbrekkene og på båe sider av Rusta, men det må reknast som ein lett rundtur.

Kortaste vegen (stølsvegen) til kvar av desse stølane er omskriven over. Rundturen kan du starta anten på Heiane ovanfor Tveito og gå mot Måvotno, eller på Strindeskleiv innanfor Vindal og gå mot Litlastøl og Vatnasete. Ein kan også sjølvsagt gå frå Heiane til Strindeskleiv først, eller omvendt. Strekninga mellom Måvotno og Vatnasete har stort sett synleg sti etter den gamle tingvegen frå Ulvik over høgda Rusta. Kortaste vegen går ned/opp ved Lomtjørn. Men ein kan følja tingvegen/Almenningsvegen etter høgda lenger inn og kryssa dalen og bekken i Bekkjadalen innanfor Vatnasete. Gåtid 30 min til ein time mellom Måvotno og Vatnasete. Hugs å ta til venstre frå traktorvegen over turkassa om du går frå Måvotno. Vegen mellom Heiane og Strindeskleiv går i meir myrlendt område via brua over Tveitaelva og til/frå ljosløypa som ein følgjer eit stykke nær Strindeskleiv. Det tek knappe halvtimen å gå mellom desse parkeringsplassane.

GOD TUR!